



Dette er det sittande soknerådet med unnatak av Tormod Olav Myklebust. Foran sit Gunvor Myklebust, Gunnbjørg Stensletten Eik og Møyfrid Kristoffersen. Bak står Mette Lauvsnes, Inger Anne Leite, Reidar Myklebust og sokneprest Sven Harald Nilsen (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er 5 nye kandidatar til soknerådet i Uskedalen, som vert valt samstundes med kommunestyret og fylkestinget. Dei er Kåre Magnus Rød, Hans Reidar Kjærland, Ove Magne Myhre, Eva Reime Ljosnes og Inger Lise May Voll.

Dei som er faste medlemmer no er Møyfrid Kristoffersen (leiar), Gunnbjørg Stensletten Eik, Inger Anne Leite, Mette Lauvsnes, Reidar Myklebust og Tormod Olav Myklebust. Varamedlemmer er Gunvor Myklebust, Ingunn Olsen, Jan Henrik Hansen, Kjell Yri og Torhild Einang Vivelid.. Kristoffersen, Reidar og Tormod Myklebust, Eik, Yri og Olsen stiller til attval.

Ved siste val kom frammøteprosenten opp i 15 etter å ha vore svært beskjedne også her då valet fann stad i samband med ein gudsteneste. No vart det 2 prosent høgare enn på landsbasis og det blir spennande å sjå kor høgt ein kjem denne gongen.

Det er gjort eit grundig førehandsarbeid frå kyrkja si side og det har vore høve til å førehandsrøysta på kyrkjekontoret på Husnes frå og med 11. august. Alle medlemmer av kyrkja som er fødd i 1996 og før har fått valkort i posten med dei opplysningar som er naudsynte.

Valet finn stad i foajeen i Aktivitetshuset med inngang gjennom hovudinngangen (som er gul).

Også ved dette valet kan ein endre på setelen ved å stryke kandidatar eller gje dei ei tilleggsrøyst ved å sette eit kryss. Kandidatane er sette opp i prioritert rekkefølge.

Det blir også val av bispedømmeråd og kyrkjemøtet, Her er kandidatlista uprioritert og sett opp i alfabetisk rekkefølge. Minst ein av kandidatane skal rangerast. Ein kan rangera så mange ein vil og lister utan rangering vert forkasta.

Av Ola Matti Mathisen